ALVER
KOMMUNE

Fyllingen Maskin AS
Postboks 120 Kokstad
5863 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: Ref.:EDUFYC-Skjemanr.:3934 | Linda Hammersvik Folkestad | 11.04.2022 |
| Vår: 22/2834 - 22/28613 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Mellombels svar på røyrleggjarmelding for gbnr 185/284 Isdal - tilkopling til mellombels brakkerigg

**Tiltak:** Mellombels tilknyting kommunalt vatn, ukjent avløpssituasjon
**Byggjestad:** Lonsvegen – Gbnr 185/284
**Tiltakshavar:** BKK Nett AS
**Anvarleg søkjar:** Fyllingen Maskin AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 29.03.2022

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er ikkje gjort rede for kva avløpsløysing brakkerigg skal ha.
   Før vi kan handsame søknad om mellombels tilknyting til kommunal vassleidning, må vi ha informasjon om kva avløpsløysing brakkerigg skal ha.

   Dersom brakkerigg skal ha lukket avløpstankt eller anna type anlegg, skal det ligge føre godkjent løyve til dette etter forureiningslova. Løyve for slik løysing skal ligge føre før tilknytningssøknad til kommunalt vatn vert handsama.

2. Oppdatert situasjonsplan som viser privat vass- og avløpsanlegg frå veggliv brakkerigg til tilknytingspunkt kommunalt leidningsnett.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.04.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, kan saka verte tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**
Miljø og tilsyn v/avdelingsleiar

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fyllingen Maskin AS | Postboks 120 Kokstad | 5863 | BERGEN |
| Fyllingen Maskin AS | Postboks 120 Kokstad | 5863 | BERGEN |